



# Vang kommune

**ArkivSakID:** 21/641  
**JournalpostID:** 21/4514  
**ArkivID:** PlanID-2015003,  
PlanNavn-  
Kommunedelplan  
Tyinkryset, PlanType-  
21  
**Saksbehandlar:** Magnus Lajord

## Saksframlegg

| Saksnr. | Utval         | Møtedato |
|---------|---------------|----------|
|         | Kommunestyret |          |

### Kommunedelplan Tyinkryset - offentlig ettersyn

#### Vedlegg:

|            |                                                     |        |
|------------|-----------------------------------------------------|--------|
| 11.06.2021 | 1_Føresegn_2015003_høyring_2021                     |        |
| 11.06.2021 | 2_Plankart_Tyinkryset_2015003_2021_A0               | 172431 |
| 11.06.2021 | 2_Plankart_Tyinkryset_A3                            | 172432 |
| 11.06.2021 | 3_Plankart_Tyinkryset_utan_tekst_og_omsynsoner      | 172433 |
| 11.06.2021 | 4_Plankart_Tyinkryset_føremålsflater_A3             | 172434 |
| 11.06.2021 | 5_Plankart_Tyinkryset_gjennomføringsoner_A3         | 172435 |
| 11.06.2021 | 6_Plankart_Tyinkryset_infrastruktursone_H410_A3     | 172436 |
| 11.06.2021 | 7_Planomtale_Tyinkryset_2015003                     | 172437 |
| 11.06.2021 | 8_Konsekvensutgreiing_2015003                       | 172438 |
| 11.06.2021 | 9_SVV_notat_konsekvensutgreiing                     | 172439 |
| 11.06.2021 | 10_ROS_analyse_2015003                              | 172440 |
| 11.06.2021 | 11_Skiløyper_eksisterande_temakart                  | 172441 |
| 11.06.2021 | 12_Notat_vurdering_planområdet                      | 172442 |
| 11.06.2021 | 13_Masterplan_2011                                  | 172443 |
| 11.06.2021 | 14_Masterplan_2018                                  | 172444 |
| 11.06.2021 | 15_KS_sak_011_19_kdpl_Tyinkryset_høyring            | 172445 |
| 11.06.2021 | 16_KS_sak_052_19_kdpl_Tyinkryset_sluttbehandling    | 172446 |
| 11.06.2021 | 17_KS_sak_004_20_lovlighetskontroll_kdpl_Tyinkryset | 172447 |
| 11.06.2021 | 18_KS_sak_069_20_vidare_planprosess                 | 172448 |
| 11.06.2021 | 19_KS_sak_003_21_vurdering_planområder              | 172449 |
| 11.06.2021 | 20_Referat_oppstartsmøte_Tyinkryset_eiendom         | 172450 |
| 11.06.2021 | 21_Rammeplan_VA_Tyinkryset_2019_notat               | 172451 |
| 11.06.2021 | 22_Rammeplan_VA_100_oversikt_E09                    | 172452 |
| 11.06.2021 | 23_Rammeplan_VA_visualisering_trykksoner            | 172453 |

#### Saksutgreiing

#### Oppsummering av planprosess

Kommunedelplan for Tyinkryset(planID:2015003) vart sluttbehandla i kommunestyret 05.09.2019. Saka ligg vedlagt. Vedtaket var todelt der den fyrste delen gjekk på sjølve kommunedelplanen, medan den andre delen gjekk på oppheving av planar i området. Fylgjande vedtak vart fatta i sak 052/19:

1. *Kommunestyret støttar seg på rådmannen sine vurderingar av naturmangfaldlova § 7, jf. §§ 8-12, samt vurderingane til vassforskrifta § 12. Kommunedelplan for Tyinkrysset med plan-ID:2015003 med tilhøyrande reguleringsføresegn og notat med konsekvensutgreiing blir vedteken jf. plan- og bygningslova § 11-15.*
2. *Ved vedtaket av 2015003 opphevast fylgjande planer i si heilskap:*
  - *Tyinkrysset (plan-ID: 0545R024)*
  - *Tyinkrysset-Høgeseth (plan-ID: 0545R025)*
  - *Skørsnøse (plan-ID: 0545R055)*
  - *Andstor-Tyinkrysset (plan-ID: 0545R039)*
  - *UH1 og UH2 i Andstor (plan-ID: 0545B007)*
  - *UH3 i Andstor (plan-ID: 0545B008)*
  - *Ingrids hyttegrend (plan-ID: 0545R087)*
  - *Tyinkrysset fjellstue med alpin (plan-ID: 0545R086)*

I etterkant av vedtaket vart det sett fram krav om lovlegheitskontroll med heimel i kommunelova §59(kapittel 27 i ny kommunelov). Kravet er datert 24.09.2019 og kan for det mest vesentlige oppsummerast til tre punkt:

1. *Motsegn som ikkje var trekt på tidspunktet for vedtak og påstand om brot på pbl. § 11-16*
2. *Prosess med oppheving av åtte reguleringsplanar og påstand om brot på pbl. § 12-14*
3. *Kommunens anledning til å stille rekkefylgjekrav om at skiheis skal vera sikra etablert, jf. planføresegn 8.2. og påstand om feil bruk av pbl. § 11-9 nr.4*

Lovlegheitskontrollen vart behandla i kommunestyret 13.02.2020 i sak 004/20. Ein går ikkje nærare inn på sjølve behandlinga her, men saka ligg vedlagt.

Som det kjem fram frå *samla vurdering* står rådmannen fast ved at kommunestyret kunne vedta ny kommunedelplan sjølv om motsegnet frå Statens Vegvesen ikkje var trekt på tidspunktet for vedtak, og at kommunen kan stille rekkefylgjekrav til sikra etablering av skiheis. *Rådmannen* er derimot samd i at oppheving av reguleringsplanar er eit enkeltvedtak, der kommunestyret ikkje kan oppheve reguleringsplanane i det eine og same vedtaket som ved vedtak av ny kommunedelplan. Dette må difor skillast ut i eige vedtak for å sikre klageadgang.

Fylgjande vart vedtake i sak 004/20:

*Kommunestyret merkar seg vurderingar frå rådmann og har konkludert med at vedtak i sak 052/19 samla sett ikkje er i samsvar med lovverket. Kommunestyret tek vedtaket opp til ny behandling med heimel i forvaltningslova § 35. Kravet om lovlegheitskontroll skal sendast over til Fylkesmannen i Innlandet for vidare behandling.*

Saka vart sendt over til Fylkesmannen i Innlandet 02.03.2020, og kommunen mottak svar 24.04.2020. Då vedtaket i sak 052/19 skal opp til ny behandling jf. vedtak i sak 004/20, konkluderte Fylkesmannen at dei ikkje føretek ein lovlegheitskontroll. Dei presiserer og i sitt svar at utfallet av ny behandling på sjølvstendig grunnlag kan bli gjenstand for lovlegheitskontroll, og påklagast dersom det er eit enkeltvedtak.

I etterkant av vedtaket 05.09.2019 har kommunedelplanen for Tyinkrysset, i tillegg til lovlegheitskontrollen, vore til politisk behandling i fylgjande saker:

- Kommunestyret 13.12.2019 – sak 119/19 - Tyinkrysset m/alpin
- Kommunestyret 10.06.2020 – orienteringssak, planprosess mot sluttbehandling av kdpl Tyinkrysset
- Kommunestyret 15.10.2020 – sak 069/20 – Vidare planprosess mot sluttbehandling av kommunedelplan Tyinkrysset
- Kommunestyret 11.02.2021 – sak 003/21 – Kdpl Tyinkrysset – vurdering av planområdet

Ein går ikkje inn på desse sakene her, men dei enkelte prosessuelle vedtak som inneber framlegg til endring i kommunedelplanen blir vurdert punktvis vidare i saka.

Det gjekk ein del tid på behandling av lovlegheitskontrollen, og når ein skulle gå vidare med planarbeidet og planprosessen vart ein del sett på vent med bakgrunn i Covid-19. Då det var mange nye personar både i kommunestyret og i administrasjonen, ynskte kommunedirektøren å starte ein medverknads- og forankringsprosess for å sikre eit best mogleg avgjerdsgrunnlag når kommunedelplanen skulle opp til ny behandling.

Med bakgrunn i dette vart det invitert til dialogmøter på Eidsbugarden Hotell 1.-3. september, og ein felles temadag i auditoriet på VBU 4. sept.

### **Planprosessen vidare**

I prosessen vidare blir vedtaket i sak 052/19 som vart fatta 05.09.2019 take opp til ny behandling jf. forvaltningslova § 35, og den delen av vedtaket som går på oppheving av planar skiljast ut i eige sak for å sikre klageadgang og at vedtak om oppheving blir fatta i samsvar med plan- og bygningslova § 12-14.

Etter dialogmøter, temadag og fleire prosessuelle vedtak i tida etter 05.09.2019 er det ynskje om ein del endringar i kommunedelplanen for Tyinkrysset. Endringane i planen må vera gjenstand for høyring og offentleg ettersyn jf. pbl. §§ 11-14 og 11-17, **før** ein kan ta vedtaket i sak 052/19 opp til ny behandling og sluttbehandling av kommunedelplanen for Tyinkrysset.

Det er og ynskje om å vidareføre fleire reguleringsplanar. Det kjem fram i saka nedanfor kva reguleringsplanar som blir føreslege vidareført. For å sikre god informasjon og medverknad for alle rørde partar blir oppheving av planar skilt ut i eige sak som blir lagt ut til høyring og offentleg ettersyn jf. pbl. §§ 12-10 og 12-14.

### **Tilhøvet mellom kommuneplanens arealdel og eldre planar**

Plan- og bygningsloven §1-5 andre ledd seier fylgjande:

*Ny plan eller statlig eller regional planbestemmelse går ved eventuell motstrid foran eldre plan eller planbestemmelse for samme areal med mindre annet er fastsatt i den nye planen eller statlig eller regional planbestemmelse.*

Ny arealdel av kommunedelplanen opphevar eksisterande arealdel utan at det er naudsynt å fatte eige opphevingsvedtak. Ny arealdel av kommuneplanen gjeld normalt foran eldre reguleringsplanar og bebyggingsplanar, jf. pbl. § 1-5.

Dersom det blir vedteke ein arealdel av kommunedelplanen som fastsett annan arealbruk enn fastsett i eldre regulerings- eller bebyggingsplan (eventuelt etter tidligare lov), bør kommunen snarast mogleg endre eller oppheve regulerings- og/eller bebyggingsplanane. For at det ikkje skal oppstå tvil om arealbruken i kommuneplanens arealdel er den same som i eldre reguleringsplan, skal kommuneplanen presisere kva eksisterande reguleringsplaner som framleis gjeld.

### Masterplanen


Masterplanen som er utarbeidd for området av Ecosign synleggjer korleis ein kan legge til rette for at Tyinkrysset kan utvikle seg til å bli ein stor heilårs reiselivsdestinasjon. Masterplanen er lagt til grunn for arealdisponeringa i gjeldande kommunedelplan, med nokre justeringar som tek høgde for dagens realitetar.

Masterplanen har i lang tid vore eit viktig og langsiktig siktemål for utviklinga av Tyn/Filefjell, og kommunen har dei siste åra lagt ned store ressursar i mellom anna vatn og avløp som tek høgde for ei stor utvikling av området.

For å sjå om ein klarar å lyfte Tyn/Filefjell opp som ein større reiselivsdestinasjon enn det er i dag, så er det eit hovudfokus på vidare utvikling av sørsida. Der er det allereie mykje infrastruktur og meir *modent* enn nordsida. Så er det eit klart mål frå kommunen si side å jobbe vidare med nye planområder på nordsida av E16 etter kvart som ein vonleg kjem godt i gang med utviklinga på sørsida. Andstorheisen har som kjent ein kritisk funksjon for å sikre samanbindinga mellom nord og sør, og det er difor eit stort fokus på å sikre at denne faktisk blir ein realitet i gjeldande plan.

Det har vore stilt spørsmål frå fleire om kva endringar som er gjort i masterplanen som var ferdig i 2011, til den reviderte versjonen i 2018. Både karta ligg til orientering vedlagt saka (NB: masterplankartet er sørvendt). Nedanfor er ei oversikt over dei største endringane, samstundes som store delar av Børrelia og Gudbrandslie er utvikla i mellomtida.

1. I baseområdet på nordsida er det teke høgde for eit større felt med kulturminner. 2011 kartet til venstre, 2018 til høgre. Det er og teke ut ein tilbringerheis.






2. Undergang under E16 vart fløtt noko vestover av Statens vegvesen ved etablering av ny veg. Sentrumsområdet på nordsida er litt justert og parkering P1 er lagt inn. 2011 kartet til venstre, 2018 til høgre.



3. Det er gjort nokre optimaliseringar av nedfartar og utbyggingsområde i Bøastølen. 2011 kartet til venstre, 2018 til høgre.



## Vurdering

*I vedlagte føresegn er alle endringar markert med raud skrift.*

## Særskilt om Andstorheis og rekkefylgjekrav

Det er i plankartet lagt inn ei infrastrukstursone som heiter H410\_1. Denne knytter seg til føresegn 8.2 og sirka opparbeiding av Andstorheisen. Visualisering av H410\_1 ligg vedlagt som eige temakart.

Det er gjort nokre justeringar av ordlyden i rekkefylgjekravet, samt lagt inn ei presisering i kursiv som seier meir om kva som ligg i *sikra opparbeidd*.

Andstorheisen er som nemnt viktig med tanke på samanbindinga mellom sørsida og nordsida, samstundes som store utbyggingsområde vil ha nytte av skiheisen ved ski inn/ski out. Andstorheisen vil og auke reiselivs- og aktivitetstilbodet på Tyin/Filefjell både sumar- og vinterstid.

Det er i kravet om lovlegheitskontroll stilt spørsmål ved om rekkefylgjekravet knytt til Andstorheisen går ut over det plan- og bygningsloven gjev heimel til. Kommunen har på nytt fått ekstern juridisk bistand til å vurdere spørsmålet.

Det fylgjer av plan- og bygningslova § 11-9 nr. 4 at det i kommuneplanens arealdel kan settast føresegn om:

*Rekkefølgekrav for å sikre etablering av samfunnsservice, teknisk infrastruktur, grønnstruktur før områder tas i bruk og tidspunkt for når områder kan tas i bruk til bygge- og anleggsformål, herunder rekkefølgen på utbyggingen,*

Paragrafen ovanfor gjev kommunen vid kompetanse til å fastsette rekkefylgjekrav, der pbl. §§ 1-1 og 3-1 fungerer som overordna retningslinjer for utøving av kommunen sitt skjønn. Rekkefylgjekrav må ligge innanfor plan- og bygningslova sine føremålsrammer og dei underliggjande vurderingane må etter forvaltningsrettslege prinsipp vera saklege og forsvarlege.

Vidare føreset bruk av rekkefylgjekrav at dei tiltak som blir underlagt slikt krav kan gjennomførast innan rimeleg tid. I Kommunal- og moderniseringsdep. sin reguleringsplanrettleiar er det føresett at rekkefylgjekravet må kunne gjennomførast innan 10-årsfristen for ekspropriasjon. Jf. pbl. § 16-2 fyrste ledd. For kommuneplanar må ein truleg kunne legge til grunn ein endå lenger gjennomføringsfrist, då kommuneplanar er overordna styringsverktøy med ein langvarig strategi for arealutnyttinga. Ein legg likevel 10 år til grunn.

Kommunal- og Moderniseringsdepartementet har i eit brev datert 14. april 2015 presisert at "*det kan stilles lovlege rekkefølgekrav i plan som går ut over lovens grenser for bruk av utbyggingsavtaler*". I den samanheng går det fram at departementet meiner at det kan stillast rekkefylgjekrav til tiltak som kommunen ikkje kan pålegge ein privat part å opparbeide, og som fell utanfor reglane om utbyggingsavtaler og plan- og bygningslova si refusjonsordning.

Ein legg til grunn at kommunen sin kompetanse til å sette inn rekkefylgjekrav i ein kommunedelplan etter pbl. § 11-9 nr. 4 er vidare enn det som gjeld for reguleringsplanar etter pbl. § 12-7 nr. 10, då kommuneplan er eit overordna styringsverktøy som "*viser sammenhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk*", jf. pbl. § 11-5 første ledd. Rekkefylgjekrav i kommunedelplanen er soleis berre avgrensa av plan- og bygningslova sine føremålsrammer og allminnelige forvaltningsrettslege prinsipp knytt til sakleg og forsvarleg saksbehandling.

I ei liknande sak i Bø kommune skreiv Miljødepartementet i brev datert 20. desember 2011 fylgjande:

*"Det kan anføres at en bestemmelse med et krav om at det skal bygges alpinanlegg før det kan bygges hytter kan være relevant og saklig, **dersom det anses nødvendig for å få til en bærekraftig og ønsket utvikling av et område.**"*

Miljødepartementet var i dette tilfellet likevel i tvil om eit slek rekkefylgjekrav var lovlig, då særskilt med bakgrunn i at det i den saka(Bø kommune) i all hovudsak var lagt vekt på økonomisk bidrag i val av arealføremål for dei enkelte eigedommane.

Saka er nærare omtala i Sivilombudsmannens uttale datert 8. juni 2015 (SOM-2014-576). Ved Sivilombudsmannens vurdering av saka vart det, etter nye innspel frå KMD, uttala fylgjande:

*"Et nærliggende heisanlegg kan være et vesentlig element ved utbyggingen av nye hyttefelt, og ved planleggingen av nye hyttefelt kan kommunen naturlig nok se til at brukerne er sikret slike fasiliteter. [...] Det er på denne bagrunn ikke noe å si på at kommunen la vekt på muligheten for privat finansiering av heisanlegget."*

Etter Sivilombudsmannens sine uttaler og korrespondanse med departementet, er det vurdert til at det er saklig og lovleg å legge vekt på etableringen av eit privat alpinanlegg. I sitatet ovanfor går det fram at kommunen «*naturlig nok kan se til at brukerne er sikret slike fasiliteter*».

For å sikre at framtidige hytteigarar og tilreisande på Tyn/Filefjell har tilgang til eit alpinanlegg som legg til rette for aktivitetar heile året gjennom, er Andstorheisen ein naudsynt føresetnad. Vidare er rekkefylgjekravet ein naudsynt føresetnad for å *sikre opparbeiding* av Andstorheisen.

Kommunen kan til orientering ikkje inngå utbyggingsavtale med eit grunneigarlag eller utviklar eller på andre måtar pålegge aktørar å finansiere rekkefylgjekravet, men kommunen kan gjennom si planmyndigheit i ei viss utstrekning fastsette vilkår for kva dokumentasjonskrav som skal settast for å sikre at Andstorheisen blir *sikra opparbeidd*. Eit rekkefylgjekrav som krev at tiltaket er sirka opparbeidd medfører at tiltaket må vera fullfinansiert før rekkefylgjekravet blir vurdert til oppfylt, jf. tolkingsuttale frå Kommunal- og moderniseringsdep. datert 14. juni 2016 (TUDEP-2017-3677-2).

#### **Kort om anleggsbidrag og kommunalt fond**

Med utgangspunkt i vurderingane ovanfor vil ein presisere at kommunen ikkje kan sikre opparbeiding av Andstorheisen gjennom ei utbyggingsavtale og bruk av anleggsbidrag etter pbl. kap. 17. Andstorheisen er heller ikkje gjenstand for plan- og bygningslova sine reglar om refusjon.

Anleggsbidrag er ein fellesnemning på bidrag frå private utbyggerar til kommunen i ei utbyggingsavtale, som skal dekke heile eller deler av kommunen sine utgifter til etablering av infrastruktur. Bidraga blir til dømes overført til eit fond eller liknande som kommunen nyttar til større infrastrukturtiltak.

For å kunne nytte slike anleggsbidrag må kommunen syte for at infrastruktur for tiltaket blir etablert. Vidare må anleggsbidraget vera avgrensa til det beløp som etter plan- og bygningslova sine reglar er naudynnte og førehaldsmessige. Det er og eit viktig vilkår at anleggsbidraget ikkje dekker eit tiltak som kommunen samstundes får finansiert på annan måte, t.d. gjennom avgift.

Det *vanlege* er at utbygger står for opparbeiding av infrastruktur, men det er heller ikkje uvanleg at kommunen sjølv står for opparbeiding av tiltaket og at utbyggjer betalar eit anleggsbidrag til kommunen. Dersom bidraga ikkje skal overførast til kommunen som refusjonskreditor, vil grunnlaget for utbygger sine økonomiske forpliktingar vera avtala i ei utbyggingsavtale.

Utbyggingsavtaler vil som oftast regulere tilhøve som kommunen og kan gje føresegn om etter reglar fastsett i plan- og bygningslova (som t.d. veg, vatn og avløp), men kan og gjelde andre tiltak.

Bruk av anleggsbidrag og utbyggingsavtale er eit av fleire verkemiddel kommunen kan nytte for gjennomføring av planar og etablering av infrastruktur på Tyn/Filefjell, men kva virkemiddel ein skal ta i bruk og kven som skal stå for opparbeiding av tiltaket må ein vurdere fortløpande etter kvart som ein går i gang med detaljreguleringar i området.

## **Vatn og avløp**

Kommunen har utarbeidd rammeplan for vatn og avløp for området. Denne ligg vedlagt. Vatn og avløp blir omtala i føresegn 6, så er det gjort nokre presiseringar under føresegn 8.1.1. Særskilt er det sett inn eit nytt rekkefylgjeførsegn knytt til etablering av høgdebasseng på Grøvtølen (HB\_01), då kommunen endå ikkje har fått kjøpt avsett areal av grunneigar. Etablering av høgdebassenget er naudsynt å få på plass for å kunne nytte det nye vassverket fullt ut, og må etablerast før dei tre andre høgdebassenga som er planlagt i rammeplanen på høgdekoter 970, 1030 og 1090 moh.

*Før det gjevast løype til tiltak innanfor område avsett til bygg og anlegg, jf. pbl. §§ 1-6 og 20-1, skal høgdebasseng på Grøvtølen på høgdekote 905 vera etablert og sett i drift.*

## **Langrennsløyper og stigar**

Dei viktige faktorane for reiselivet og hytteigarane på Tyin/Filefjell har klart vore dei naturgjevne tilhøva som innbyr til langrenn, fjellturar, jakt og fiske. Kommunedelplanen har i prosessen fått kritikk frå fleire hald om at den har for lite fokus på desse aktivitetane, og for mykje på alpint. Så er det slik at alpint og alpintilbodet og er ein viktig del av det samla reiselivs- og aktivitetstilbodet, og samstundes er svært arealkrevjande. Det er difor naturleg at sistnemnde får «større plass» i ein kommunedelplan.

I kommunedelplanen ligg det inne ein ny og høveleg lang langrennstrasé. Denne var planlagt som ei tidlegløype. I dialogmøtene med mellom anna Tyin-Filefjell Turløyper kjem det fram at traséen ikkje tilfredsstiller krav til ei tidlegløype, og kommunedirektøren vurderer det dit at det samla sett ikkje er eit stort ynskje om etablering av denne løypa og har i vedlagte planforslag take ut denne tidlegløypa.

På Tyin/Filefjell er det frå tidligare eit stort etterslep på det eksisterande løypenettet, som t.d. mange dårlige kryssingspunkt, og det er slik sett eit større behov for nytte midlar til å oppgradere det eksisterande løypenettet for å betre langrennstilbodet.

Så er det føreslege lagt inn slik tekst under føresegn 5.7:

*Ved detaljregulering skal ein sikre eksisterande langrennsløyper og stigar. Større stigar som råkast av utbygging skal takast vare på. Alternativt skal ein sikre omlegging eller at ferdslåra løysast på ein god måte.*

*Ein skal så langt det lar seg gjera innarbeide og etablere nye langrennsløyper som kan knyttast til eksisterande løypenett. Eit viktig siktemål vil vera at ein relativt enkelt kan koma til langrennsløype frå alle areal avsett til utbyggingsføre mål. Det kan knyttast rekkefyljekrav til sikre opparbeiding av langrennsløypene og planfrie kryssingar.*

*Dersom tilhøva legg til rette for det skal ein vurdere å etablere eigne sykkelstigar og sykkeltrasear innanfor detaljreguleringa.*

Til orientering er kommunen i gang med kartlegging av friluftslivets ferdselsårer, som er eit forarbeid til utarbeiding av sti- og løypeplan for Vang og for Tyin/Filefjell. Det ligg og ved eit eige temakart som syner eksisterande langrennsløyper i området.




## Nye utbyggingsområder og endringer i planen

I sak KS-003/21 vart det vurdert fleire utbyggingsområder, oppheving/vidareføring av reguleringsplanar og forslag til andre endringar i kommunedelplanen. Saka og notatet ligg vedlagt. Nedanfor er det ein punktvis gjennomgang av dei mest vesentlige endringane som tek utgangspunkt i det prosessuelle vedtaket i saka.

### *Björdalslia*

Kommunestyret ynskjer at Björdalslia skal innarbeidast som utbyggingsområde i kommunedelplanen, med atterhald om at eit slikt arbeid ikkje vil forsinke ny sluttbehandling.

Kommunen har vore i dialog med overordna myndigheiter knytt til dette området. Området har ikkje berre mange kølgroper og jernvinningsanlegg, men og større miljø med automatisk freda hustufter/overnattingsplassar. I førre planprosess vart det i samrå med fylkeskommunens kulturarveining lagt inn ei større omsynssone H570\_2 for å sikre desse miljøa. Ein gamal vegtrase som er bandlagt etter lov om kulturminner går og gjennom området.



Det har vore starta planarbeid i området av Jotunheimen Eigedom kring 2005, men dette arbeidet vart avslutta då mellom anna arbeidet og kostnadane knytt til utgraving og frigjeving av kulturminna vart for store på dåverande tidspunkt.

Kommunedirektøren vurderer det til at det ikkje vil vera føremålstenleg å regulere inn Björdalslie på noverande tidspunkt. Ein har allereie planområdet Skørnsnøse i same fjellsida lenge mot vest, samstundes som ein planprosess her vil vera tidkrevjande og utsette ny sluttbehandling ytterligare.

Utvikling av området Björdalslia må gjerast i tett dialog og samarbeid med kulturarveininga, og ikkje minst i samarbeid med grunneigarar og investorar for å sjå kva område som bør utviklast til kva tid. Björdalslia må vurderast i samanheng med nordsida for øvrig, særskilt med tanke på vatn, avløp og anna infrastruktur.

### *Steinhaus*

I øvre del av Steinhaus, opp mot toppunktet til Andstorheisen, er det eit areal som ligg mellom eksisterande utbyggingsområde(fritid) og skinedfart. Dette er no føreslege regulert inn som utbyggingsområde. Sjå elles vurdering i vedlagt notat s.17.

### *Fløgstrøndheisen*

Det har vore påpeika i planprosessen og i dialogmøta på Eidsbugarden at det er behov for eit endå betre skitilbod i området ved Andstor/Steinhaus. Fløgstrøndheisen ligg inne i masterplanen, rett aust for Andstorheisen. Denne heisen vil gje fin både bakke- og frikøyring ned mot Fløgstrøndfjorden. Det er og lagt inn eit større parkeringsareal ned mot E16. Denne vil tene både heisen og kan eventuelt nyttast aktivt opp mot Kongevegen. Heisen med parkering har fått *plankravzone* H810\_14. Det er ikkje knytt rekkefylgjeføresegn knytt til dette tiltaket, men heisen med tilhøyrande nedfartar kan etablerast dersom området finn det føremålstenleg.

### *Tyinkrysset fjellstue m/alpin – vidareføring*

Reguleringsplan for Tyinkrysset fjellstue m/alpin(planID: 0545R086) har vore oppe som politisk sak fleire gonger. I samsvar med dei prosessuelle vedtaka så er no reguleringsplanen frå 2015 føreslege lagt inn i si heilskap, utanfor rekkefylgjekrav og infrastrukturezone H410\_1. I planen frå 2015 ligg det inne eit rekkefylgjekrav om etablering av tilbringerheis. Det må elles utarbeidast VA-plan.

Eigarane av Tyinkysset Eigedom har samstundes ynskje om ei ny regulering av området med ei noko større plangrense. Det er difor gjort endringar i plankravzone H810\_3 som tek høgde for dette. Det er til orientering gjennomført oppstartsmøte med Tyinkrysset Eigedom 14.04.2021 og referat frå oppstartsmøtet ligg vedlagt. Sjå elles vedlagt notat kapittel 1.8 for utfyllande vurdering.




*Kartutsnittet ovanfor syner planen frå 2015, og ynskje om ny planavgrensing med raud stripla strek. Raud strek midt på utsnittet er ca. planlagt plassering av ny tilbringerheis dersom det blir vedteken ny plan for området.*

### *Ingrids hyttegrennd – vidareføring*

Ingrids hyttegrennd(planID: 0545R087) er ein reguleringsplan i Tyinkrysset sentrum med totalt 8 tomter med næringsføresmål, der tre av dei er utvikla. Denne er føreslege lagt inn i plankartet, og føresegn 7.6 i kdpl er oppdatert.

### *UH3 – vidareføring*

UH3 er ein bebyggelsesplan frå 2008. Kommunedirektøren tilrådde at denne vart vidareført oppheva grunna manglande kartlegging av naturfare, men kommunestyret ynskjer planen vidareført. Då den ikkje kan gjelde vidare i si heilskap, så er arealføremåla føreslege lagt direkte inn i kommunedelplanen med utnytting etter føresegn 4.1.6.



Så er det lagt inn eit nytt føresegn 8.3 som seier fylgjande:

*Før det gjevast løyve til tiltak jf. pbl. §§ 1-6 og 20-1 innanfor område H810\_11, skal flaum- og rasfare kartleggast og eventuelle sikringstiltak vera etablert jf. pbl. §28-1 og krav sett i TEK-17*


*Det skal og utarbeidast situasjonsplan av området jf. føresegn for bebyggelsesplan UH3, datert 29.01.08*

### *Filefjellsenteret*

Eigarane av Filefjellsenteret har utbyggingsplaner for sine omkringliggjande eigedommar med gnr/bnr 7/81, 8/6, 8/7, 8/12 og 8/1. Arealet er i kommuneplanen sett av til sentrumsføremål. Det var i planprosessen vurdert å sette av eit eige bestemmelsesområde i kommunedelplanen, slik at det kunne vera mogleg å byggesøkje direkte i denne, men førelagte utbyggingsplaner er så store at plan- og bygningslova § 12-1 sler inn:

*For gjennomføring av større bygge- og anleggstiltak og andre tiltak som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, kreves det reguleringsplan. Tillatelse etter § 20-2, jf. 21-4 for slike tiltak, kan ikke gis før det foreligger reguleringsplan.*


Det er difor lagt inn ei eige plankravzone, H810\_15, for deira eigedommar.



### *Børrenøse*

Børrenøseplanen er ein eldre reguleringsplan frå 1992. Den regulerer i all hovudsak skiheis og nedfartar, men har ikkje eigne føresegn som regulerer utnytting og bruk av hyttetomtene på nordsida av Begna (markert med gult omriss i utsnittet nedanfor). Dette arealet er difor føreslege regulert direkte i kommunedelplanen. Det blir då mellom anna føresegn 4.1.1 og 7.1.2 som blir gjeldande for arealet.






*Kartutsnittet ovanfor syner tomtene regulert inn i kommundelplanens arealdel.*

### Areal N3

Eigarane av skiheisen (Tyin-Filefjell Utvikling) har ynskje om eit nytt næringsareal for oppføring av garasje/lager i samband med heisdrifta. Det er difor føreslege regulert inn eit nytt areal (N3) på nordsida av Begna som er i samsvar med eit areal som er avsett i masterplanen. Sjå kartutsnitt nedanfor. Det er lagt inn eit nytt føresegn 4.1.4.2 som regulerer utnyttinga av arealet.



### Endringar kring Tørrisheisen/Begna

Det er føreslege lagt inn areal til framtidig skinedfart over gnr/bnr 7/396 og Begna for å sikre ei samanbinding mellom eksisterande Tørrisheis og framtidig tilbringerheis til Tyinkrysset fjellstue. Det er og lagt inn noko meir kombinert areal kring Tørrisheisen i samsvar med masterplanen. Dette inngår i plankravzone H810\_4(Andstor).



### Gnr/bnr 1/15

Gnr/bnr 1/15 er eit større areal på nordsida av Nystøgovegen, mellom Vardenfeltet og Øvre Jordet. Dette arealet fekk ved ein teknisk feil arealføremål *fritid* og er no føreslege retta til LNFR-føremål. I kartutsnittet nedanfor ser ein eksisterande regulering til venstre, og føreslege endring til høgre.



### Vurdering etter vassforskrifta

Ihht. vassforskrifta § 12 skal kommunen som myndigheit for sine vassdrag vurdere om ny aktivitetar eller nye inngrep i eit vassdrag vil føre til at vassdraget sitt kjemiske eller økologiske mål ikkje nåast, eller om vassdraga blir forringa.

Begnavassdraget renn gjennom planområdet, og er på denne strekninga verna mot ytterligare regulering ihht. verneplan for vassdrag. I samband med arbeidet med vassforskrifta og klassifiseringa av alle vassførekomstane er hovudvassdraget i planområdet, øvre deler av Begna og Otrøvatnet,



klassifisert som «sterkt modifiserte vassførekomststar». Her skal «godt økologisk potensial» nåast i 2021. Hovudvassdraget er her klassifisert som «moderat» pga. reguleringa (dam, mangel på fiskevandringar og mangel på minstevassføring).

Omsyn i planområdet som kan påverke Begnavassdraget og Otrøvatnet er overvatn og vatn og avløp. Overvatn skal jf. føreseigna til planen handterast lokalt og det skal utarbeidast planar for handtering av overvatn. Vatn- og avløpsanlegg skal bli godkjent av kommunen, jf. føresegn 6. Omsynssona mot mindre vassdrag pga. av flaum er sett til 20 meter, medan NVEs aktsemdskart er lagt til grunn for oppdatert omsynssone for større vassdrag (nedbørsfelt over 20km<sup>2</sup>). Dette vil vera positivt for å redusere inngrep nær vassdrag.

Kommunedirektøren vurderer det til at kommunedelplanen ikkje vil påverke dei ulike vassdraga innanfor planområdet sin økologiske status, og ein gjer difor ikkje vidare drøftingar om vilkår for ny aktivitet eller inngrep, jf. vassforskrifta § 12.

### **Vurdering etter naturmangfaldlova**

Ihht. naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i lova §§ 8 til 12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit, og vurderinga skal koma fram av avgjerda. For å ha eit godt kunnskapsgrunnlag for å vurdere konsekvensane av tiltaket, jf. §8, er det gjort søk etter informasjon om førekomst av evt. verdifulle naturmiljø, raudlisteartar, utvalde artar eller –naturtypar i Miljødirektoratet sin naturbase og Artsdatabanken sine artskart.

I planområdet er det registrert både truga artar og artar av særleg stor forvaltningsinteresse (sjå figur 2 i planomtala). Tabell 1 i vedlegg 1 i planomtala gjev ei oversikt over artane, der det er 20 ansvarsartar og 12 raudlista artar (1 sterkt trua (svarthalespove), 2 sårbare (bergand og lappspurv) og 9 nært trua).

Det er derimot ikkje registrert truga artar eller artar av særleg stor forvaltningsinteresse innanfor avgrensinga og forslaget til nye utbyggingsområder i kommunedelplan. Kommunedirektøren vurderer at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg for å fatte ei avgjerd utan at ein påfører naturmangfaldet alvorleg og/eller irreversibel skade. «Føre-var-prinsippet» kjem difor ikkje i bruk.

Kommunedelplanen medfører auka utvikling og bruk av Tyin/Filefjell og ein del omdisponering av LNFR-areal til utbyggingsføre mål. Likevel sjåast ikkje prinsippa i §§10 (om samla belastning), 11 (om at kostnadane ved verdiminking av miljøet skal berast av tiltakshavar) og 12 (om miljøforsvalige teknikkar og driftsmetodar) på som relevante her.

### Tentativ framdriftsplan

| AKTIVITET \ VEKE                                                                  | 24 | 25 | 26 | 27 | 28 | 29 | 30 | 31 | 32 | 33 | 34 | 35 | 36 | 37 | 38 |
|-----------------------------------------------------------------------------------|----|----|----|----|----|----|----|----|----|----|----|----|----|----|----|
| KS 17. juni - høyring/oppheving                                                   | x  |    |    |    |    |    |    |    |    |    |    |    |    |    |    |
| Høyring av planendringar kdpl                                                     |    | x  | x  | x  | x  | x  | x  | x  | x  |    |    |    |    |    |    |
| Saksbehandling/behandle merknader/kvalitetssikring vedtak                         |    |    |    |    |    |    |    |    |    | x  | x  |    |    |    |    |
| Sluttbehandling KS 9. sept.                                                       |    |    |    |    |    |    |    |    |    |    |    |    | x  |    |    |
| Kunngjering av vedtak/informasjon om klageadgang/ope møte om verknadane av planen |    |    |    |    |    |    |    |    |    |    |    |    |    | x  | x  |

### Samla vurdering

Etter sluttbehandling av kommunedelplanen i sept. 2019, så har det vore ein lang prosess for å koma fram til eit justert planforslag. Det er i vedlagte planmateriell føreslege fleire endringar. Desse endringane vil samla sett optimalisere kommunedelplanen, og kommunedirektøren vil i høyringsperioda oppmode alle rørde partar og interessentar om å koma med høyringsmerknader til desse.

Ideelt sett skulle ein fått behandla endringane av planen på eit tidligare tidspunkt, men det har vore naudsynt av fleire gode årsaker å nytte tida godt. Kommunedirektøren ser no fram til å få lagt føreslege endringar ut til høyring og få behandla vedtaket i sak KS-052/19 på nytt etter sumaren.

### Framlegg til vedtak

Kommunestyret støttar seg på rådmannen sine vurderingar naturmangfaldlova § 7, jf. §§ 8-12, samt vurderingane til vassforskrifta § 12. Kommunestyret fremjar saka med dei endringane som føreligg og legg Kommunedelplan for Tyinkryset, med planID:2015003, ut til høyring og offentleg ettersyn jf. plan- og bygningslova §§ 5-2, 11-14 og 11-17.